



## Nye arbeid av Kristian Finbørud



Originalgrafikk i små opplag trykt for hand i kunstnarens verkstad.

Framstillinga av trykkplatene mine er ein tidkrevjande prosess. Eg set inn ei sinkplate med voks og rissar motivet for hand inn i voksflata. Deretter vert motivet etsa ned i plata med syre. Når dette er gjort reingjerast plata og eg tilfører eit lag med finknust harpiks som vert smelta forsiktig fast på metallet. No etsar eg på nytt, men i kortare intervallar. Frå nokre sekund til 20 minutt. Dette gir dei fine halvtonane (gråtonar). Dei ljosaste tonane i snøen og dei djupeste nattehimplane får eg fram på denne måten.

I bilete med mykje fargar lager eg gjerne to plater som eg trykker over kvarandre.



## Trykking av originalgrafikk

Trykkinga er den mest tidkrevjande delen i framstillinga av bileta mine. Den ferdig etsa plata vert tilført trykkfarge som vert gnidd inn. Gjerne med ulike fargar i ulike områder av motivet. No må det meste av fargen slåast av igjen med ulike papir. For sjølve bilete kjem berre frå det som er etsa ned i plata (fordjupingane). Dette arbeidet er tungt og tidkrevjande og eg har gjerne hjelp av assistentar i dette handtverksfaget.

For kvart eksemplar må prosessen med innsetjing av farge og avslåing gjentakast. Fargetrykka vert gjerne framstilt i ulike fargevariantar som inngår i det samme opplaget. Opplaget overstig aldri 55 eks.

Mykje av grafikken som vert selt i dag er digitale trykk. Det vil seia at dei vert skrive ut med ein printar (Epson e.l.) på eit godt papir med ljosekte fargar. Desse er merka på ulike måter. T.d. Gicle, DP .Dga. osv. Arbeida mine er merka som etsning, og det er ikkje nytta datautstyr i nokon del av framstillinga av verka mine.